

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	TI-&00, TI-&13	19/735

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
18/2019	Formannskapet	PS	27.03.2019

Høyring - Endring av vedteker for KS - representasjon til Fylkesmøte og Landsting

Vedlegg:

Høringsnotat - Endring av vedteker for KS - Representasjon til Fylkesmøter og Landsting

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vedlagt følgjer notat frå KS, gjeldande endring av vedteker knytt til representasjon til Fylkesmøter og Landsting. Frist for å komme med tilbakemelding til KS er 27.03.19, men etter avtale kan vi kome med vår uttalen innan 29.03.19.

Saka gjeld tal delegater frå kvar kommune til fylkesmøte og delegater til landstinget. Per dags dato har Meland kommune 2 representantar og Radøy, Lindås og Meland kommunar har til saman 7 representantar. Frå 1.1.20 vil Alver kommune ha 4 representantar – og det vil vere tal representantar frem til vi passerer 50.000 innbyggjarar. I nytt framlegg frå KS, ved hovudstyret, vil vi framleis ha 4 representantar, men dersom vi vert 30.001 innbyggjarar vil vi få

Vurdering

Det er gjort framlegg til ny skala på tal innbyggjarar for å forsøke å ivareta fordelinga av representantar mellom kommunar og fylke/landsdel. Det er hovudstyrets mål å styrke representasjonen for mellomstore og større kommunar. Dette er eit mål som støtter opp om den innflytelse våre lokalpolitikarar kan ynskje å ha, som følgje av at vi frå 1.1.20 vert del av ein større kommune.

Det er medlemmene som vert høyrte og difor er det Meland kommune som skal/kan gje uttale.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet støttar hovudstyret i KS sitt framlegg til endring av vedtektene og føringane knytt til

denne.

Formannskapet - 18/2019

FS - behandling:

FS - vedtak:

Formannskapet støtter hovudstyret i KS sitt framlegg til endring av vedtektene og føringane knytt til denne.